

Referat etter FAU-møte 22.1.2018

Tilstades: Kristine Lunde, Åshild Øvre-Helland, Monica Th. Waage, Elin Gaulen, Eli Sletten Solsvik, Kristin Tredal, Veslava Romanovskaja

Godkjenning av saksliste.: Ingen innspel.

Gjennomgang av referatet frå sist møte; Kristine les referatet frå førre møte.

1/18: Oppsummering av mammakveld og julefest. :

Vellukka mammakveld for dei som var der. Hadde håpa på større oppmøte. Enkelt og uhøgtideleg. Ein foreslår å veksle mellom å ha eit midt-i-veka-treffpunkt og å ha fredagskveld med leie og eit lengre treff. Positivt med hausttreff, slik at nye mammaer kan bli kjend.

Julefest: Positive tilbakemeldingar. Borda var plassert i 3 stasjonar som ein kunne gå rundt, det fungerte fint. Det var nok med mat, lite kjøp. 6.12 var eit fint tidspunkt for julefesten.

2/18: Lavvo og bål plass bak butikken:

Stans i arbeid pga frost. Vidar har køyrd bort dreneringsrør. Vask og impregnering vil skje til våren. Bent-Arne skal skaffe ein midlertidig presenning. Det er ønska lys i lavvo, gjerne eit som ein kan ta med fram og tilbake. Arbeid med forbetring vil skje utover våren. Ønske om å flytte bål plass litt høgare opp enn der det står i dag. Vidar har leiinga på dette arbeidet.

3/18: Foreldrestyrt dag:

Skøyte dag i Bergenshallen 1.februar.

11 foreldre har meldt seg til å bli med. Rektor får lista over foreldre som har meldt seg, og deler elevane inn i grupper som kvar har ansvar for. I utgangspunktet tek assistentane bussen med elevane, foreldre møter i Bergenshallen. Det er 2 bussar. Elin, Eli, Åshild og Kristin har hovudansvar.

Kristine lagar eit informasjonsskriv, rektor sender ut dette saman med gruppene på mail og it's learning. Elevane har med nistepakke denne dagen. Obs. nøtteallergi. Vidar og Anne Karin er ansvarleg for skøyteleie, dette er gratis for skuleungar.

Eit skriv til heimen, og eit skriv med stikkord til foreldra som er med elevane. Kristine og rektor samarbeider om dette.

Kristin tek ansvar for betaling.

4/18: Elevundersøkinga v/Rektor:

Me kjem godt ut samanlikna med dei andre skulane i området, Hordaland og landet. Vi scorar svært godt på trivsel.

5/18: Info. om neste skuleår frå rektor:

Brakke på plass frå 1.6. 1.klasse vil vera i brakka fram til jul, og 4.klasse etter jul. Dei vil få besøke gruppene sine undervegs.

Ein ser for seg denne inndelinga; 1 lærar som er kontaktlærar for 7.klasse. 1 lærar som har 1. og evt 4. 2lærarar på gruppe sør, 2 på nord og 2 på gruppe 2.

Rektor informerer om kabalen. Det vert 80 elevar til neste år, pga ei stor gruppe 1.klassingar som tilhøyrrer krinsen.

6/18: Temakveld for foreldre i mars/april?

Vi treng meir tid til planlegging. Diskuterer ulike tema, kjem ikkje fram til noko ein ønskjer å gå for. Ein foreslår å utsette dette til hausten.

7/18: Karneval veke 8:

NB! Dato er endra til 22. Februar!

1. 3.og 7.kl har ansvar for planlegging.

Korpset vil komme og underhalde med karnevalmusikk.

1.-4. klasse frå 17-1830. 18.00 kan dei kose seg med mat i kantina medan korpset riggar til.

1830 spelar korpset for begge gruppene. Elevane dansar til festmusikken.

5.-7. klasse 1830-20.30.

Det vert servert pizzabollar og saft i kantina.

Elevane betaler 20kr i døra når dei kjem.

200 pizzaboller. Kristine ordnar saft, koppar og servietter.

Åshild ordnar 2 pinjata og snop.

Veslava skaffer 10 personar som kan bake ca 20 pizzasnurrar kvar.

Anna:

- Vennebenken: Er i bruk i varierende grad. Elevane veit korleis den fungerer. Skulen gir tilbakemelding på at den fungerer etter formålet.
- Ekstra planleggingsdag 10.09.18; Skulen ønskjer planleggingsdag for å delta på kurs i digital kompetanse. Ein vil tilby SFO. Rektor ser på det formelle, men ønska støtte i FAU før ho går vidare med dette. FAU er positiv.
- Trafikk og utkjørsle: Ein kan ikkje søke endringar/tiltak rundt veg/avkjørsle så lenge det er 80-sone i Fjellsbøvegen. Elin sender mail til styre med tips om å søke nedjustert fartsgrense i denne vegen. Får ein det, kan ein søke om andre trafikale tiltak rundt parkering, levering og henting.
- Lydplater i kantine; Bent-Arne ser på saka.

Lindås 22.01.08

Skrivar

Eli Sletten Solsvik